

9 Teknisk

Drift

	9 Teknisk	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Ansvar	Alle tal i heile 1000	2019	2019	2019	2018
3110	BUSTADTILSKOT HUSBANKEN	100	-	-	-
5000	BYGGESAK (Sjølvcost)	1 069	10	-	772
5100	EIGEDOMSAVDELING	36 894	34 530	32 978	35 388
5300	BRANNVERN	6 214	5 977	5 963	4 984
5310	FEIING OG TILSYN (Sjølvcost)	143	-	-	82
5400	KOMMUNALT KARTVERK	2 358	1 989	1 985	2 161
5410	OPPMÅLINGSFORRETNING (Sjølvcost)	-29	3	-	-
5500	REGULERING	864	507	501	429
5510	PLAN	1 027	-1	-6	844
5520	GRUNNKJØP	662	717	711	1 089
6000	OPPARBEIDING UTBYGGINGSOMRÅDER	-1 426	-1 600	-1 600	-2 246
6100	VEGANLEGG	7 556	6 896	6 883	8 010
6200	VASSFORSYNING (VAR)	47	10	-	-
6300	AVLØP OG RENSING (VAR)	417	11	-	-
6350	SLAMTØMMING (VAR)	324	-	-	-
6400	RENOVASJON (VAR)	39	6	-	-
TOTALT		56 260	49 054	47 415	51 513

Eininga omfattar ansvarsområda som vist i rekneskapsversikta ovanfor.

Utfordringar og måloppnåing

Utfordringar	Kva er gjort (maks 3 linjer)	Resultat og/eller effekt (maks 3 linjer)
Investeringsbudsjett og prosjekt må planleggast slik at ein får tilfredsstillande gjennomføring, god flyt	Det er gjennomført LEAN på investeringsprosjektprosessen. Det er lag prosjektportefølge med framdrift, økonomi, kvalitet og SHA. Portefølga blir brukt til å gjere prosessane opne.	Prosjektleiarar følger same prosess med faste rutinar, - Kvalitetshevande, betre info tidleg til politikarane. Unngår feil som har kostet kommunen og innbyggjarar.
Drifte eigedomane, effektivt med nye verkty og færre folk – møte behova frå tenestene/brukarane	Vaktmeistrane har fått tildelt «eigne» bygg. Einingane skal nytte verktøyet IK-Bbygg og arbeidsordre/ avvik for å få betre oversikt.	Betre forutsigbarheit for avdelinga og for brukarane. Betre og raskare respons
Utsifting av vass- og avløpsleidningar og utbygging av reinseanlegg	Utsifting avlaupsleidningar: 1270 meter - Vassleidningar 1700 meter	Sikrere vassforsyning- og avløpshandtering- noko som gir færre kloakkstopp/leidningsbrot
Komplekse sakar blei ofte liggande lenge. Saksbehandlarane var usikre på praksisen, av og til ueinige og kunne saksbehandle forskjellig.	Kartlagt problema, utarbeidd ny prosessløype for byggesaksbehandling (LEAN). Etablert praksis for å løyse komplekse saker, samt registrering av historikk i ein felles erfaringsdatabase.	Likare behandling. Tidsparande (sakar blir ikkje liggande ubehandla)
Teknisk einings sitt omdømme	Dei 4 LEAN prosessane som er sett i gang går alle ut på å betre og effektivisere komplekse arbeidsprosessar noko som vi meiner skal påvirke omdømmet vårt på ein positiv måte.	Håp om betre omdømme på sikt.
Ta i bruk digitale, smarte driftssystem og verkty/utstyr	Byggesak og vatn og avløpssøknader, Grunnkart, Marine grunnkart, nynorsk rettskrivningsprogram,	Spart tid gjer at vi kan utføre arbeidet på større areal og på fleire område med færre tilsette og slik at publikum blir meir sjølvhjelpete. All info på ein

Utfordringar	Kva er gjort (maks 3 linjer)	Resultat og/eller effekt (maks 3 linjer)
	digital timeføring, digitalt stoffkartotek, vaskerobot, robotklipparar	plass (saksbehandlingssystem) gjer oss meir robuste ved skifte av personell.

LEAN. Det fins mange ulike definisjonar på LEAN. Teknisk har tatt i bruk metodikken LEAN på vår eigen måte ved å arbeid med å betre arbeidsprosessar som har virka uoversiktlege eller kompliserte. LEAN er då ein metodikk som kartlegg arbeidsprosessar og legg til rette for å betre arbeidprosessen. Teknisk har nytta metodikken på 4 LEAN prosjekt; investeringsprosjekt, byggesak, samhandling mellom teknisk forvaltning og teknisk drift, og systematisering av lager og verktøy.

LEAN prosessar betyr medverknad mellom tilsette og større medvit om måten vi jobbar på. Metodikken er også eigna for å sjå på samhandling på tvers av einingane.